



Vertskap og turistinformasjon

Oppdatert: 28.06.24

Oppdatert av: Rutt-Lovise Strand





Kunsten å ønske velkommen

Vertskap handlar om å møte besøkande med venlegheit, respekt og hjelpsomheit. Det inneber å vera kunnskapsrik om lokalområdet og attraksjonane der, og å dele denne kunnskapen på ein entusiastisk og innbydande måte.

Som vertskap er du ambassadør for Fjordkysten og Sunnfjord, og ditt mål er å sørge for at alle besøkande kjenner seg velkomne og verdsette.

Grunnleggjande prinsipp for godt vertskap

- 1. Venlegheit og tilgjengelegheit:** Møt alltid besøkande med eit smil og ver tilgjengeleg for å svare på spørsmål og gi rettleiing.
- 2. Kunnskap:** Ha god kjennskap til historie, kultur og severdigheiter. Vere i stand til å gi anbefalingar om restaurantar, overnattingsstader og aktivitetar.
- 3. Respekt:** Behandle alle besøkande med respekt, uavhengig av bakgrunn eller nasjonalitet. Vera merksam på og sensitiv overfor kulturelle forskjellar.
- 4. Hjelpsomheit:** Alltid vera viljug til å gå den ekstra mila for å hjelpa besøkande. Dette kan innebera å hjelpa med vegskildringar, føreslå aktivitetar eller assistera med praktiske behov.

Som vertskap spelar du ei avgjerande rolle i å skapa uforgløyemelege opplevingar for besøkande. Din venlegheit, kunnskap og hjelpsomheit bidreg til å gjera Fjordkysten og Sunnfjord til eit attraktivt reisemål. Ved å følgje desse rettleiingane kan du sikre at alle som besøker Fjordkysten og Sunnfjord får eit positivt og minneverdig opphald.

Takk for din innsats som vertskap!



Turistinformasjon

Turistinformasjon handlar om å gi presis, upartisk og lett tilgjengeleg informasjon til besøkande.

Formidling

Informasjon om Fjordkysten og Sunnfjord inkludert attraksjonar, arrangement, transport, overnatting og tenester.

- [FjordKysten og Sunnfjord - Fjord Norway](#)
- Reiseguiden NO, ENG og DE
- Kystguiden
- Kartbrosjyrer Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Måløy, Florø, Solund og Sunnfjord

Tilgjengelegheit

- [Turistinformasjonen i Florø - Fjord Norway](#)
- [Turistinformasjonen i Måløy - Fjord Norway](#)
- [Turistinformasjon - Solund kommune](#)

Berekraft

Turistinformasjonen fremmer berekraftig praksis og ansvarleg gjesteadferd.

Samarbeid

Turistinformasjonen jobbar tett med lokale bedrifter og organisasjonar for å sikre at informasjonen er korrekt og omfattande.



Eit felles ansvar

Samla sett bidreg felles satsing til å auke synligheita for Fjordkysten og Sunnfjord sin reiselivsprofil, forbedre besøkande sine opplevingar og auke verdiskapinga knytt til reiselivsnæringa.

Reiselivet skil seg frå mange andre næringar ved at det ikkje har ei tydeleg og lineær verdikjede. I staden fungerer det som ein nettverksøkonomi eller eit samskapande økosystem, der mange ulike interessantar er involverte. Alle aktørar er avhengige av fleire ressursar enn dei eigne for å kunne levere sine tenester.

Reiselivet bruker lokalsamfunn som arena for verdiskaping, og lokalbefolkninga nyter godt av reiselivstilboda. Difor kan reiseliv bidra både til lokal verdiskaping og bulyst.

Hovudbransjar innan reiseliv:

- Transport
- Overnatting
- Servering
- Opplevingar (kultur- og aktivitetstilbod)
- Formidling og sal (informasjon, guiding, marknadsføring, utvikling av salgbare pakker, booking m.m.)

Dei fem bransjane og deira produkt utfyller kvarandre og er avhengige av kvarandre sin eksistens og attraktivitet.



Levande lokalsamfunn

Berekraftig reiseliv

Som vertskap fremmar du berekraftige praksisar ved å oppfordre til miljøvenlege transportmiddel, støtte lokale produsentar og respektere tradisjonar og naturen. Slik bidreg du til å bevare Fjordkysten og Sunnfjord som eit vakkert og autentisk reisemål.

Lokale opplevingar

Fremme lokale opplevingar som guida turar, båtturar, aktivitetar, kunst og kulturarrangement. Dette skapar autentiske og minneverdige opplevingar for besøkande, og støttar lokale aktørar.

Sosial verdiskaping og møteplassar

Skap sosiale møteplassar ved å informere om lokale festivalar, kulturkveldar og sosiale arrangement. Dette fremjar sosial verdiskaping og eit inkluderande samfunn.

Attraktive arbeidsplassar

Fjordkysten og Sunnfjord har mange attraktive arbeidsplassar, som vertskap kan du fremje desse moglegheitene ved å informere besøkande om lokale bedrifter og karrieremoglegheiter, og skapa interesse for å busetje seg i regionen.



Ansvarleg reiseliv

Reiselivet i Fjordkysten og Sunnfjord tek ansvar for å ivareta kultur og natur, og minimere vår påverknad på miljøet gjennom å jobbe systematisk og langsiktig med berekraftig utvikling.

Berekraft i praksis

- Gå gjennom prosessen for miljøsertifisering.
- Reduser klimagassutslepp gjennom å implementer energieffektive løsningar og bruk av miljøvennlege transportalternativ
- Utforsk og implementer løsningar for å redusera energiforbruket.
- Innfør kjeldesorteringssystem for å fremja resirkulering og avfallshandtering.
- Implementer strategiar for å minimera matavfall og optimalisera ressursbruken.
- Reduser bruken av engangspplast og utforsk alternative emballasjeløysingar.
- Fremme lokal matkultur og samarbeid med lokale leverandørar.
- Implementer tiltak for å verne det naturlege miljøet.
- Støtt opplæring og utvikling av fagarbeidarar.
- Engasjer deg aktivt i lokale initiativ og støtt opp om fellesgoder og samarbeid. Utforsk moglegheiter for samarbeid med andre lokale verksemder.
- Sikre tilkomst og inkludering for alle gjestegrupper.

Ansvarleg marknadsføring

Ansvarleg marknadsføring handlar om å forstå ulike gjesters behov og forutsetningar, og gje dei gode, realistiske bilete av reisemålet og tilboda som fins, både før ankomst og under opphaldet.

Vertskapet i Fjordkysten og Sunnfjord blir oppfordra til å arbeide etter definerte prinsipp for ansvarleg marknadsføring:

- Ver ærleg, påliteleg og oppriktig i all kommunikasjon og interaksjon.
- Gi informasjon om sikkerheitsforhold og nødprosedyrer. Tilby støtte og assistanse hvis det oppstår uforutsette situasjonar eller problem.
- Formidle på ein måte som oppfordrar til å vise omsorg og respekt for naturen, kulturen og menneska på reisemålet.
- Vel kommunikasjon og marknadsføring som når den rette målgruppa på riktig måte og til rett tid.

Visit Fjordkysten og Sunnfjord si rettleiing for Ansvarleg Marknadsføring finn de her: [Ansvarleg marknadsføring – Visit Fjordkysten & Sunnfjord \(wordpress.com\)](https://www.visitfjordkysten.no/ansvarleg-marknadsforing)

Ansvarleg gjesteatferd

Det er viktig at gjestane respektere naturen, kulturen og lokalsamfunna dei besøker. Ved å informere om lover og anbefalingar, kan de lettare ta vare på reisemålet og bidra til ei positiv reiseoppleving for deg sjølv og andre.

På [Reis betre - Fjord Norway](#) finn gjestane nyttig informasjon og rettleiing for å gjere reiseopplevinga betre, tryggare og meir berekraftig.

- [Allemannsretten | Fribillett under ansvar \(visitnorway.no\)](#)
- [Fjellvettreglene – DNT](#)
- [Ferdsl i verneområder \(norgesnasjonalparker.no\)](#)
- [Turplanlegger | Villrein](#)
- [Sjøvettreglene og Badevettreglene – Sjøfartsdirektoratet](#)
- [Turistfiske | Fiskeridirektoratet](#)
- Kjøp fiskekort: [Inatur | inatur.no](#)
- [Droneregler for flyvning i Norge \(visitnorway.no\)](#)

Gjesteundersøking

Visit Fjordkysten og Sunnfjord gjennomfører gjesteundersøking sommaren 2024.

Gjesteundersøkinga bidreg først og fremst med å gi oss viktig informasjon om gjesten si oppleving av reisemålet. Denne informasjonen er avgjerande for vidare utvikling av gode gjesteopplevingar i regionen.

Oppfordre dine gjester til å delta i vår gjesteundersøkelse slik at vi kan få samla verdifulle tilbakemeldingar som kan brukast til å forbetre tilbodet vårt og sikre ei positiv oppleving for alle besøkande. Din innsats og engasjement er avgjørende for vår suksess – sammen kan vi gjøre en forskjell!

Rettleing for vertskapet

[Gjesteundersøking – Visit Fjordkysten & Sunnfjord \(wordpress.com\)](#)

Landingsside for gjestane

[Hjelp oss å gjere di reise endå betre - Fjord Norway](#)



GO YOUR OWN WAY

Merkevaren – eit samlande verktøy

Fjordkysten og Sunnfjord jobbar for å skape reiselyst til vår destinasjon, og verdiskaping i bedrifter og lokalsamfunn. Med fokus på det kvar einiskild kan best, kombinert med ei profesjonell plattform for marknadsføring, får medlemne våre valuta for pengane.

Fjord, fjell og kyst med røff natur er våre viktigste verdier, som gjenspeglar seg i merkevaren og det vi leverer. Merkevaren skal skape reiseinspirasjon frå natur og kultur, men den er og ei forteljing om vår identitet, vårt samfunn og vårt levesett.

[Kommunikasjonskonseptet – Visit Fjordkysten & Sunnfjord \(wordpress.com\)](#)

Logoen til Fjordkysten og Sunnfjord er logoen for heile regionen vår. Ved å bruke denne konsekvent i marknadsføring av destinasjonen vår, vil vi skape ei sterk merkevare til besøkande og næringsaktørar.

[Profilmanual – Visit Fjordkysten & Sunnfjord \(wordpress.com\)](#)



Go

Foto: Magnus R. Furset

your

own



way

